

Fra: Olve Brekke <olve.brekke@gmail.com>
Sendt: lørdag 14. august 2021 22:30
Til: Postmottak Alver
Kopi: Ingrid Raniseth; Halgeir Brekke; Marta Myhr Brekke
Emne: Klage på vedtak - REGULERINGSPLAN FOR E39 VIKANE - EIKANGERVÅG

Klage på vedtak - REGULERINGSPLAN FOR E39 VIKANE - EIKANGERVÅG

Eg syner til e-post sendt 26. juni 2018 kl. 11:29 til firmapost-vest@vegvesen.no «*Merknader til "Varsel om oppstart. Detaljregulering E39 Vikane - Eikangervåg"*».

I denne e-posten (frå 26. juni 2018) skreiv vi dette (no merka med gult), **og kom med merknader til parkering og støy:**

Eg syner til "Varsel om oppstart. Detaljregulering E39 Vikane – Eikangervåg" og til folkemøte om planarbeidet 22. mai 2018 på Eikanger skule (der to av eigarane var til stades).

Bakgrunn/Eigarforhold

Desse merknadane/andre opplysningar til planarbeidet kjem frå eigarane av Osterfjordvegen 1151, gnr./bnr. 214/92.

Eigedomen har fire eigarar:

Marta Myhr Brekke og Eivind Brekke, Kipervegen 1, 6783 STRYN

Olve Brekke, Odvar Solbergs vei 100, 0973 OSLO

Halgeir Brekke, Loftsgardsgrendi 21, 3840 SELJORD

Marta og Eivind er foreldra til Olve og Halgeir.

Hytta er oppførd i 1962 av Herdis og Johan Schiong. Herdis var søskenbarnet til Marta (ein av dei noverande eigarane).

Noverande eigarar kjøpte hytta av Schiong i 1988.

Merknader

Hytta har alltid hatt same parkeringsplass/avkørysle som i dag frå noverande E39, dvs. i snart 60 år.

Vi legg då til grunn at Statens vegvesen legg til rette for at hytta får avkørysle/parkering lik, eller tilsvarende, som i dag.

Vi meiner òg at veg og gang- og sykkelveg ikkje må trekkjast nærrare sjøen enn dagens veg. Dette for å spare det smale arealet mellom noverande E39 og ned mot sjø og strandsone

og for at vi som naboar ikkje skal få trafikken (støyen) nærrare oss enn han er i dag.

Vi kan ikkje sjå at merknadane våre frå 26. juni 2018 om parkering og støy er ivaretakne i vedtak REGULERINGSPLAN FOR E39 VIKANE - EIKANGERVÅG – MELDING OM PLANVEDTAK, og vil med dette klage på vedtaket slik:

Parkeringsplass:

Vi ser på kart at ny lokalisering for parkering til eigedomen er teikna inn.

Vi er usikker på kor stort dette parkeringsarealet er, men legg til grunn at det skal vere like stort som det parkeringsarealet vi har i dag, dvs. plass til tre bilar.

Støy:

Vi forstår det slik at vedtaket medfører at veg og gangveg blir flytta betydeleg nærmare hytta, naustet og det daglege utedmiljøet vårt.

Så vidt vi forstår av dei tilsendte teikningane blir også den første topografiske høgda (noverende rygg, nærmast vegen) mellom hytta og dagens veg, i tillegg til tre og vegetasjon, tekne vekk og gjort om til tilkomstveg og friareal.

Dette medfører også at det blir mykje meir ope lende ned til hytta og uteområdet vårt, dvs. auka støyenivå og betydeleg mindre skjerming frå den svært trafikkerte europavegen og den store støyreflekterande fjellskjeringa i nord.

Vegen (E39) og støyen er allereie etter fleire utvidingar sidan 1962 kome nærmare og nærmare hytta og uteområdet. I tillegg har både trafikkmengde og bilar blitt større i løpet av denne perioden, og meir trafikk natt, kveld og helg.

Vi ber med dette om at det blir sett opp ein fysisk støyskjerm for mest mogleg å dempe den aukane støyen frå europavegen det nye tiltaket vil føre med seg, og at denne støyskjermen blir høg nok og lang nok til det føremålet.

På vegne av eigarane

Olve Brekke

Odvar Solbergs vei 100
0973 OSLO